

Emnenr. 5.

Fylke: Nordland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Slattfjellidal

Emne: Vassbering

Bygdelag: Rissvatn.

Oppskr. av: Bre Tilsenvatn

Gard: Tilsenvatn

(adresse): Slattfjellidal

G.nr. 68 Br.nr. 2.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Ein har børe - og ber vatn den dag i dag med vassåk og to bytter. Vassåket kallast for Slattfjellidal eit börte og for Rørgen - grannebygde - eit halste med fjukk l.

Börteban som bürkest, ligg på begge aksler med uthola opning for halsen midt på brest.

Ø begge endar var fest berreimas med jamkrokar i, som kallast for börtebaum. No bürkest kjetting til börtebaum.

Det berest vatn i tebytter også i dag endå om mutallbyttene har teke største glassen her.

2. Det er ingen som kjemur til at ein har børe vasskar med stong, igjennom. Heller ikkje at mjølke frå fjøset vart boren inn på den måten.

At ein hadde noka beskive flytanke på vatnet i byttene for å hindre

2

skvulping når ein har vatn er og  
i kjend.

3. Ei gamal kvinne har for om lag  
55 år sidan sett at vasskaret var  
skiva fram på ei brei sli i Stalfjell-  
dal, men ho minnest ikkje om skia  
hadde vore særskilt namn.

Skjene vert her kalla for ånre,  
ein ånnår seier vi.

4. Det var mest kvinnene som har  
vatnet i gamal tid.

No ber både kvinna og mannen  
vatn og skindom borna.

5. Vassbering vert brukt endi. Og  
det både på stov og små gardar.

6. Kjøping av vatn på slede har  
vorte gjort når bekken eller brunnen  
har vorte tørr og ein såleis måtte  
hente vatn or Røsvatnet eller andre  
nærliggende vatn eller tjøner, avdi  
det var for langt å bera vatn.

7. For Røsvatnet sitt vedkomande, har  
ikkje så mykje som halvparten av  
gardane innlagt vatn. Og det er  
fåre som har innlagt vatn til  
stua enn til fjøset.

Og dei som har vatn, har ikkje berre  
vass-spring, men og pumper for å  
pumpa vatn. Mange av dei som

har innlagt vatn, har lagt ned fer-  
røyer som dei sjølve har bora holi  
og sett saman.

Dei som ikkje har innlagt  
vatn, må no som før bera alt vatn  
både til fjøs og stua. Og likeins bera  
alt vatnet or stua som brukast, av  
di berre få har laga seg kloakk  
med vask.

882


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING  
 ADR. NORSK FOLKEMUSEUM  
 BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret hekk på stonga bak ryggen at den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampa over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ?



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ?

Har ein bruka kumøkk til brensel ?

Nr 5. Vassbæring.

Det er ingen i mi bygd som hugsar at ein har bore vatn på denne måten.

Nr. 12.

Det er ingen som har høyr om eller sett at nokon har bruka slikt til brensel.

Arne Gundersen  
 Hallfjelladal.